

## Årsmelding medlemsbladet «Fugler i Telemark» 2024

v/ redaktør Kjell Bitustøyl

Bladet har kome med to nummer som tidlegare år, men nytt av året var at me skifte til eit større format, 21x25 cm. Dette gav bladet eit lyft i retning eit meir profesjonelt og oppdatert medlemsblad. Redaktøren har no ansvaret òg for designarbeidet med bladet, berre med kvalitetssikring frå ein profesjonell designar. Stofftilgangen har også i år vore god, både nummer har hatt 40 sider. Noko stoff har redaktøren måtta mase litt for å få i boks, men stort sett går dette greitt. Det nye formatet har gjort at gode fuglefoto kjem betre til sin rett. At såpass mange sende inn fine blinkskot var såleis gledeleg! Portrettintervjuet i vårnummeret var med den unge og suksessrike fuglefotografen Odd Gravir Klykken frå Skien, ein sann Telemarksven! Haustnummeret hadde ikkje noko direkte portrettintervju, i staden blei førsteamanuensis ved USN, avdeling for natur og miljø, i Bø, Øyvind Steifetten, intervjuet om ny teknologi innafor fuglekartlegging, bruk av såkalla loggarar og KI. I både nummer i 2024 har me hatt med innslag av skjønnlitterære tekstar, noko redaktøren vil vidareføre. Oppretting av eit nytt lag i fylke – BirdLife Indre Telemark – i februar, var sjølv sagt ei hending som blei omtalt. Nemnast bør òg at BirdLife Grenland og ringmerkinga i Børsesjø Våtmarksenter har fått ein positiv oppsving og med det sjølv sagt omtale i bladet. Av stoff frå lengre opp i fylket kan nemnast omtale av populær utflukt til Rauland i mai, reportasje om fuglekartlegging på Hardangervidda pluss ein fagartikkel om falkefangst. Ein av det særskilte vellykka fellesturane i Grenland var båtturen med båten Dikken i Eidangerfjorden og vidare ut mot kysten, ikkje minst for landkrabbene frå lenger opp i fylket! Det er eit klart ynskjemål frå redaktøren å kunne dokumentere turar til delar av fylket ikkje alle kjenner frå før. Dokumentasjon av ulike aktivitetar, fuglekasser, besøk på skular osv. er òg viktig. Så må det alltid vera plass til reportasjar frå medlemmer som er ute og reiser eller er på utflukter, inniblant også utanfor fylkesgrensene, Skagen var eitt døme på hausten. Å ha med stoff om sjeldne fugleobservasjonar er òg på sin plass, her visar det seg at det er lett å få pennen på gli, mange er glade i å dele slike opplevingar. Sist, men ikkje minst er det mål å rette fokus mot *fuglevern* og kva som blir gjort eller bør gjerast i den samanhengen. Det er nok å nemne saka omkring planane om å utvide flyplassen på Notodden, ei sak som har skapt engasjement og som er viktig å fylgje opp i lag med gode samarbeidspartnarar som t.d. Norges Naturvernforbund.